



Aurland kommune

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

2016-2019

Med prioritert
handlingsprogram

*Aurland –
det naturlege
valet – for ein
kvardag med
fysisk aktivitet*

Vedteken av kommunestyret: 17.12.2015, KS 122/15

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Arbeidet med planen.....	5
1.2	Nasjonale, fylkeskommunale og kommunale styringsdokument	5
1.2.1	Nasjonale styringsdokument.....	5
1.2.2	Regionale planar og styringsdokument.....	6
1.2.3	Kommunale planar	6
1.3	Nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt perspektiv og ansvar	6
2	Visjon, mål og utviklingsprogram	10
2.1	Visjonar og målsettingar.....	10
2.2	Tre utviklingsprogram	11
2.2.1	Kunnskap og kartlegging	13
2.2.2	Motivasjon og haldningar.....	14
2.2.3	Tilrettelegging og samarbeid.....	15
2.3	Oppfølging av planen	17
3	Handlingsprogram 2016-2019.....	18

1 Innleiing

Kommunedelplan for Idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse var ein av dei prioriterte planane i kommunal planstrategi som vart vedteken etter valet i 2011.

Kommuneplan for Aurland sin samfunnsdel (2007-2019) og arealdel (2008-2020), syner mål og satsingsområde for utvikling av kommunen.

I kommuneplanen er folkehelse, tilbod til eldre, universell utforming og barn og unge omtala særskilt.

Førre kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vart vedteken 2005 for perioden 2005-2017. Ei evaluering av førre plan ligg i planprogrammet som kommunestyret vedtok i KS-sak 06/14 i møte 06.03.14.

Ny planperiode er delvis samanfallande med planperioden for fylkeskommunen sin Regionale plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. Aurland kommune sin kommunedelplan omhandlar mange av dei same tema, men er tilpassa situasjonen i Aurland. Når det gjeld struktur og innhald i dokumentet er det to viktige merknadar:

- Aurland kommune har valt å kalle dokumentet for Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse (KDP FAF). Vi meiner at både idrett og friluftsliv blir dekkja av omgrepet fysisk aktivitet. Ved å integrere folkehelse tek vi med begge elementa i planen. Det er viktig at folkehelseperspektivet blir integrert i alle andre kommunale plandokument.
- I løpet av planprosessen har det regionalt blitt tatt initiativ til ein felles plan for Aurland, Lærdal og Årdal. Aurland kommune har konkludert med å utarbeide ein eigen plan i tråd med vedteke planprogram.

Føremålet med planarbeidet er å fastsetje og prioritere mål, strategiar og tiltak på områda fysisk aktivitet og folkehelse, samt å fastsette prioritert handlingsprogram.

Framlegg til mål, strategiar og tiltak er tufta på situasjonen i dag, prioriteringar i regional plan, innspel som er kome til planarbeidet, og faglege vurderingar.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse skal vere ein reiskap for eit målretta arbeid for fysisk aktivitet og folkehelse. Planen er eit overordna politisk styringsdokument, og eit utgangspunkt for tenesteeiningane sine prioriteringar.

Planen skal vere styrande i høve samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar, samt grunnlag for å prioritere og utvikle idrettsanlegg, friluftsområde, friområde og søknadar om spelemidlar.

1.1 Arbeidet med planen

Med heimel i plan- og bygningslova §§11-4 og 11-12 har kommuneplannemnda i møte 07.11.13, sak 020/13, vedteke å starte opp kommunedelplan for Idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. I samsvar med §4-1 i plan og bygningslova er det utarbeidd framlegg til planprogram som vert sendt på høyring i samsvar med §11-14 i Pbl. Planprogrammet er lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 23.11.2013 – 11.01.2014. Dette vart kunngjort på Aurland kommune si heimeside og i lokalavisa.

11.02.14 blei det møte med ein administrativ ressursgruppe beståande av barnehage- og skuleleiinga, kultur, KDE, helse, og administrativ leiing. Målet vart å drøfte vidare prosessgang etter høyringsrunden, og å få innspel frå administrativ ressursgruppa om planprosessen. Som resultat av dette møtet blei plannamnet føreslege endra til: Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse. Detaljinnspel frå ressursgruppa blir teke med i planen.

Hausten 2014 har Aurland kommune kjøpt idrettskonsulenttenester frå Årdal kommune ved behov. Målet var å forbetre prosessen med søknader om spelemidlar, og å hente inn kompetanse vedrørande kommunedelplanen. Idrettskonsulenten har hatt møter med frivillige lag og organisasjonar, og Aurland kommune.

Våren 2015 vart planarbeidet overført til Kulturavdelinga. Det vart etablert ei skrivegruppe med Norunn Haugen (ass. rådmann), Martin Hendriks (tenesteleiar for kultur), og Hallgeir Høydal (folkehelsekoordinator). Skrivegruppa har hatt fleire møte, og det vart eit nytt møte med administrativ ressursgruppa, der spesielt visjon og målsettingar vart hovudtema.

22. 04.15 deltok Aurland kommune i eit oppstartmøte vedrørande revisjon av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Lærdal. På kveldstid vart alle lag og organisasjonar frå Aurland, Lærdal og Årdal invitert.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse skal leggjast ut på offentleg høyring før endeleg handsaming i kommunestyret i desember 2015.

1.2 Nasjonale, fylkeskommunale og kommunale styringsdokument

Etter plan- og bygningslova skal nasjonale og regionale rammer og retningsliner leggjast til grunn ved kommunal planlegging. Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse skal utarbeidast i samsvar med desse. Skal det kunna søkjast spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, må dei vere innarbeidd i ein kommunal plan. Eit av måla med planen er å få ein oppdatert langsiktig plan for rehabilitering og etablering av anlegg og område innanfor planen sitt virkeområde

1.2.1 Nasjonale styringsdokument

- St.meld. 14 (1999-2000), *Idrettsliv i endring*
- St.meld. 39 (2000-2001), *Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet*
- St.meld. 16 (2002-2003), *Resept for eit sunnare Noreg*
- St.meld. 39 (2006-2007), *Frivillighet for alle*

- St.meld. 26 (2006-2007), *Om rikets miljøtilstand*
- St.meld. 47 (2008-2009), *Samhandlingsreforma*
- Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, *Saman for fysisk aktivitet*
- St.meld. 26 (2011-2012), *Den norske idrettsmodellen*
- *Friluftslova* og Prop. 88 L (2010-2011)
- Folkehelse og kommunal planlegging, rettleiar Hdir IS-0333, 2011
- *Folkehelselova* -2012
- Helse og omsorgstenestelova – 2012
- St.meld. 34 (2012-2013) *Folkehelsemeldinga*
- *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv* -2013

1.2.2 Regionale planar og styringsdokument

- Kunnskapsgrunnlag. *Oversikt over levkår og livsstil i Sogn og Fjordane*, Samhandlingskonferansen –Førde 09.04.14
- Regionalplan for folkehelse –høyringsutkast
- Helse, miljø, skule og livsstil i Sogn og Fjordane, Sjf 2013
- Regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017, vedteken 11.12.2013

1.2.3 Kommunale planar

- Kommuneplan for Aurland, samfunnsdel av 2007, arealdel av 2009
- Kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2005-2008, vedteken 10.02.2005
- Kommunal planstrategi 2012-2015
- Kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- Kommunedelplan for helse og omsorg (vedteken 18.09.14)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013-2015

Kommunedelplanen blir handsama etter plan og bygningslova §11-2, med ein langsiktig del og ein handlingsdel. Langsiktig del skal rullerast kvart 4 år, medan handlingsdelen vert i lag med rullering av kommunedelplanen sin handlingsdel, rullert kvart år.

1.3 Nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt perspektiv og ansvar

1.3.1.1 Nasjonalt perspektiv og ansvar

Staten har som overordna mål å leggje til rette for at alle som ønskjer det skal ha høve til å vere fysisk aktive. I tråd med St. meld 26 (2011-2012) har staten gjennom idrettspolitikken eit særleg

ansvar for målgruppa born (6-12 år) og ungdom (13-19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.

Gjennom rammefordeling av spelemidlar til fylkeskommunane, søker departementet å leggje til rette for at det skal være tilnærma lik tilgang på anlegg for befolkninga, utan omsyn til kor ein bur. Kva anleggstypar som skal prioriterast vil vere eit resultat av lokale og regionale behov.

Staten prioriterar spesielt:

- Anleggstypar som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og ungdom
- Anleggstypar som blir brukt av mange
- Anleggstypar som gjev høve til eigenorganisert fysisk aktivitet

Nasjonalt er det eit politisk mål at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Føremålet med friluftslova er å verne friluftslivet sitt naturgrunnlag, og å sikre ålmenta fri rett til ferdsel og opphald i naturen.

Det er også mange nasjonale føringar på folkehelsearbeid, viktigast er Lov om folkehelsearbeid med forskrifter, i tillegg er folkehelsearbeid forankra i andre lover. Dette blir følgt opp av ulike rundskriv og rettleiarar frå Helsedirektoratet og andre instansar som forklarar og utdjupar lov og forskrift. Nedanfor er attgjevne tekst frå Helsedirektoratet sine nettsider, og som seier noko om intensjonen i lov om folkehelsearbeid:

Folkehelselova som tok til å gjelde 1. januar 2012, skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa og jamnar ut sosiale skilnader. Målet med lova er difor at ein gjennom ei brei samfunnsmessig tilnærming skal gjere noko med faktorane som kan ha negativ verknader på folkehelsa, og styrke dei som har positiv verknad. Folkehelsearbeidet handlar om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebygge sjukdom og skadar, og utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, vernar mot helsetruslar og fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking. Arbeidet rettar seg mot befolkninga eller deler av befolkninga og ikkje mot enkeltindivid med identifisert risiko.

Med folkehelselova er det etablert eit nytt fundament for å styrke folkehelsearbeidet i politikk og samfunnsutvikling, og i planarbeidet ut frå regionale og lokale utfordringar og behov. Det er eit krav at den enkelte kommune/fylkeskommune skal ha oversikt over helseutfordringane. Drøfting av helseutfordringane skal vere grunnlaget for lokal/regional planstrategi som skal vedtakast av kommunestyret/fylkestinget etter plan og bygningslova. Kommunane har plikt til å setje i verk naudsynte tiltak for å møte lokale utfordringar. Det er viktig med langsiktig folkehelsearbeid fordi avgjerder som vert tekne i dag vil påverke samfunns – og miljøtilhøva i lang tid framover, og med det også helsa for komande generasjonar

Kjelde: www.hdir.no

1.3.1.2 Fylkeskommunalt perspektiv og ansvar

Fylkeskommunen er gjennom plan- og bygningslova pålagt å syte for at det innanfor fylket sitt område blir utført ei kontinuerleg planlegging. Kulturdepartementet ønskjer at fylkeskommunane skal ta meir aktivt del i utforminga av idretts- og friluftspolitikken på regionalt nivå.

Sogn og Fjordane fylkesting har 11.12.2013 vedteke *Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017*. Fylkeskommunen har i planen sett seg som mål å vere pådrivar for å setje i verk strategiar og tiltak i den regionale planen. Dette gjennom initiativ til samarbeid mellom ulike aktørar, bidrag til kompetanseheving og kunnskapsspreiing, og gjennom å vere eit bindeledd mellom nasjonalt nivå og lokalsamfunn for a styrke etablerte og skape nye aktivitetsområde.

Gjennom driftstilskot til regionale aktørar skal fylkeskommunen stø frivillig sektor. Kulturdepartementet har gjeve fylkeskommunen mynde til å fordele spelemidlane som årleg vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. All utvikling skal vere berekraftig og innan rammene til det nasjonale fellesskapet. Vidareutvikling av tenester, medverking til livslang læring og ei god samfunnsutvikling er roller fylkeskommunen tar. Fylkeskommunen vil og som vegeigar bidra til meir fysisk aktivitet ved å satse på, og leggje til rette for aktiv transport og berekraftig mobilitet. Mellom anna ved utbygging av gang- og sykkelveggar.

Fylkeskommunen skal fremje folkehelse gjennom oppgåvene kommunen har ansvar for, og med dei verkemiddel som fylkeskommunen har til rådvelde. Dette skal skje gjennom regional utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting, og tiltak som kan møte fylket sine folkehelseutfordringar. Fylkeskommunen skal stø folkehelsearbeidet i kommunane mellom anna ved å gjere statleg informasjon og opplysningar tilgjengeleg, og vidare med relevant kunnskap frå kommunane, tannhelsetenesta og andre deler av fylkeskommunen si verksemd og som har betydning for folkehelsa.

Fylkeskommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i fylket og dei positive og negative faktorar som påverkar helsetilstanden. Oversikten skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringane i fylket, under dette vurdere konsekvensar og årsaksforhold. Fylkeskommunen skal særskilt vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helserelevante problem eller sosiale helseskilnader. Oversikten over fylkeskommunen sine folkehelseutfordringar skal inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunal planstrategi. Ei drøfting av utfordringane bør inngå i strategien.

1.3.1.3 Kommunalt perspektiv og ansvar

Kommunen har ulike rollar – samfunnsutviklar, tilretteleggjar og igangsetjar . Kommunen har ei nøkkelrolle gjennom direkte møte med innbyggjarane på alle nivå i livsløpet.

Fysisk aktivitet er truleg ein viktig del av livet til svært mange. Ved sida av den helsefremjande effekten, er fysisk aktivitet engasjerande og sosialt inkluderande. Fysisk aktivitet har stor betydning for utvikling av borna sine motoriske ferdigheiter.

Viktige juridiske rammer for arbeidet til kommunen er plan- og bygningslova og folkehelselova. Gjennom samfunnsplanlegging, utvikling av infrastruktur, drift og tenesteyting kan kommunen leggje til rette for at fysisk aktivitet vert eit lett val. Med unnatak av dei prioriteringar som vert gjeve i

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017, er det Kommunedelplanen for fysisk aktivitet og folkehelse som styrer prioriteringa av anleggstilbodet i Aurland kommune. Gjennom god strategisk- og arealplanlegging kan det leggast til rette for fysisk aktivitet. Anlegga som aktiviserer flest av innbyggjarane i ein kommune bør prioriterast. Anlegga skal vere lett tilgjengelege.

Kommunen har ansvar for at innbyggjarane har tilgjengeleg friluftsliv, men det er få konkrete pålegg. Kommunen sine vedtak i arealspørsmål vil påverke rammene for friluftsliv i kommunen.

- Samarbeid med lag og organisasjonar om tilrettelegging og konkrete mål for friluftsliv. Tilrettelegging handlar om å gjere friluftsliv tilgjengeleg for alle.
- Samarbeid med lag og organisasjonar om aktivitet. Kommunen kan ved å satse på friluftsliv i skular og barnehagar gje barn og unge erfaring og interesse for friluftsliv.

Kommunane har også gjennom Lov om folkehelsearbeid fått som oppgåve å fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, og bidra til å førebyggje psykiske og somatisk sjukdom, skade og liding. Vidare kan dei bidra til utjamning av sosiale helseskilnadar, og verne befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen skal fremje folkehelse gjennom oppgåvene kommunen har ansvar for, og med dei verkemiddel som kommunen har til rådvelde. I dette ligg lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Kommunen skal medvirke til at omsyn til helse blir lagt vekt på av andre myndigheiter og verksemdar. Kommunen skal og leggje til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa i kommunen

Dette er kanskje den viktigaste, men og vanskelegaste delen av lova, at kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og positive og negative faktorar som kan verke inn på folkehelsa. Oversikten skal mellom anna tuftast på:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengelege
- Kunnskap frå dei kommunale helse og omsorgstenestene
- Kunnskapar om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn

Oversikten skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringane i kommunen, under dette konsekvensar og årsakssamanheng. Kommunen skal særleg ha merksemd på trekk i utviklinga som kan skapa eller oppretthalde sosiale, eller helseproblem eller sosiale helseskilnadar.

Kommunal oversikt over helsetilstanden skal vere ein del av grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kommunal planstrategi. Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar bør vere ein del av strategien.

Kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine helseutfordringar. Kommunen skal gje informasjon, råd og rettleiing om kva den enkelte sjølv og befolkninga kan gjera for å fremje helsa og førebyggje sjukdom.

I samband med utarbeiding av planen er desse kartleggingane gjennomført:

- oversikt over lag og organisasjonar som organiserer aktivitetar lokalt
- oversikt over anlegg som er registrert i anleggsregisteret
- oversikt over område som er regulert som friområde i kommuneplanen sin arealdel

Organisert aktivitet:

Det er 55 registrerte lag og organisasjonar i Aurland med ulike aktivitetsnivå. Storparten av organisasjonane er medlemsbaserte og har formål om konkret aktivitet eller fysiske og sosiale møteplassar. Møteplassar fremjar fysisk og psykisk helse. Frivillige lag og organisasjonar, kommunen og andre offentlege aktørar er samarbeidspartar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Eigenorganisert aktivitet:

I tillegg til organisert aktivitet føregår det meste av fysisk aktivitet og folkehelseutvikling gjennom eigenorganisert aktivitet. Eigenorganisert aktivitet kan gå føre seg kvar som helst og når som helst, og blir påverka av ulike faktorar som motivasjon, haldningar, kunnskap og tilrettelegging. Kommunen, lag og organisasjonar og privatpersonar sin innsats og tilrettelegging kan stimulere til eigenorganisert aktivitet.

2 Visjon, mål og utviklingsprogram

2.1 Visjon og målsettingar

Visjon:

Aurland - det naturlege valet -

for ein kvardag med fysisk aktivitet!

Aurland kommune sin visjon ”Det naturlege valet” høver godt som utgangspunkt for folkehelse og fysisk aktivitet. Kommunen vil gjennom planen å leggje til rette for, og motivere til, at alle ut frå eigne føresetnadar og interesser skal kunne velje å vere aktiv i kvardagen uansett kor ein er i livsløpet.

Det er ikkje sjølvsagt at alle er tilstrekkeleg fysisk aktive i kvardagen. Dette gjeld om det er barn, unge eller vaksne. Fysisk aktivitet er viktig for den individuelle helsa og akkumulert folkehelse.

Mål for fysisk aktivitet og folkehelse:

Overordna mål i planen:

- *at alle i Aurland har høve til å vere fysisk aktive i kvardagen.*
- *at Aurland kommune fremjar fysisk- og psykisk helse og sunn livsstil gjennom dei kommunale tenestene og i vedtak som påverkar samfunnsutviklinga.*

Delmål (i uprioritert rekkjefølgje):

- *at fleire vel å sykle og gå – for auka fysisk aktivitet, som transport og rekreasjon*
- *høg deltaking i organisert fysisk aktivitet*
- *ha attraktive møteplassar i nærmiljøet*
- *tilgjengeleg friluftsliv der folk bur*
- *at barn og unge blir kjent med mogelegheitene for jakt, fiske og vandring i fjellet*
- *fysisk aktiv også mellom kl 8-16*
- *auka kunnskap om samanheng mellom livsstil og helse*

2.2 Tre utviklingsprogram

Kommunen skal møte innbyggjarane sine ynskje og regionale og statlege myndigheiter sine forventingar til systematisk folkehelsearbeid, bygging og vedlikehald av idretts anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet og attraktive møteplassar med tre utviklingsprogram:

- kunnskap og kartlegging
- motivasjon og haldningar
- tilrettelegging og samarbeid

Kunnskap og kartlegging - omfattar strategiar og tiltak for systematisk arbeid. Gode system er eit viktig verktøy for å nå kommunen sine mål på områda fysisk aktivitet og folkehelse. Tiltaka involverer i størst grad den kommunale verksemda.

Motivasjon og haldningar - omfattar strategiar og tiltak retta mot innbyggjarar og grupper av innbyggjarar. Tiltak som er prioriterte i planperioden skal bidra til at kommunen når sine målsettingar for fysisk aktivitet og folkehelse.

Tilrettelegging og samarbeid – klargjer kva som er kommunen sin strategi for anlegg. Tiltakslista syner kva fysiske tiltak som kommunen vil prioritere i planperioden. Utviklingsprogrammet omfattar også nokre temaprojekt og strukturelle tiltak.

2.2.1 Kunnskap og kartlegging

Strategiar	<ol style="list-style-type: none">1. Ha oversikt over idrettsanlegg og friluftsanlegg (idrettsanleggsregisteret)2. Ha oversikt over leikeplassar/friområde som blir vedlikehaldne3. Ha oversikt over organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet4. Ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og faktorar som påverkar folkehelsa5. Arbeide systematisk for å ta vare på folkehelsa6. Betre utnytting av tilgjengelege tilskotsordningar7. Utarbeide eigen plan for arbeid med psykisk helse i skular og barnehagar (regionalt prosjekt)
Tiltak	<ol style="list-style-type: none">1. Vedlikehald av idrettsanleggsregisteret2. Utarbeide ein heilskapeleg sti og løypeplan3. Vedlikehald av kunnskap og kontaktinfo for organisert og eigenorganisert aktivitet. Tilgjengeleg på heimesida4. Vidareføre personalressursar til folkehelsearbeid5. Eige møte, der tema er folkehelse i samband med rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan6. Målretta screening i helsestasjonsarbeidet, som ein del av arbeidet med tidleg innsats7. Alle leiarar rapporterer på tema folkehelse i samband med årsmeldinga8. Kommunen sine overordna mål for fysisk aktivitet og folkehelse skal takast omsyn til i all kommunal planlegging, og i einingane sine årsplanar9. Auke kompetanse i den kommunale organisasjonen, og blant lag og organisasjonar, om spelemiddelordninga og tilskotsordninga generelt10. Delta i regionalt prosjekt for utarbeiding av plan for psykisk helse i skular og barnehagar

2.2.2 Motivasjon og haldningar

Strategiar	<ol style="list-style-type: none">1. Stimulere og motivere til organisert, eigenorganisert fysisk aktivitet og medviten livsstil2. Fleire vel å gå og sykle til skule og jobb3. Gode mat og drikkevanar heile livet - sunne måltid i institusjon, skular og barnehagar4. Auke kunnskap om skadeleg rusmiddelbruk og konsekvensar5. Auka fysisk aktivitet i skulen6. Aktivitet og trening for eldre7. Samarbeid med lag og organisasjonar om å førebygge fråfall blant barn og unge i organisert aktivitet8. Vere ein støttespelar for marknadsføring og gjennomføring av arrangement og festivalar som har eit innhald som er relatert til val av livsstil9. Samarbeid med lag og organisasjonar om motivasjonsarbeid10. Utvikle frisklivsarbeidet
Tiltak	<ol style="list-style-type: none">1. Folkehelsekoordinator tek initiativ til å gjennomføre ein nasjonal folkehelsekampanje kvart år2. Bli godkjent av trygg trafikk som "trafiksikker kommune"*3. Gjennomføre "bramat" kurs for tilsette og foreldre4. Tilby sunne måltid, laga av gode råvarer i skule, barnehage og på institusjon.5. Gjere vatn lettare tilgjengeleg som tørstedrikk6. Vurdere innkjøpsordninga i høve folkehelse7. Gjennomføre førebyggjande tiltak i rusmiddelpolitisk handlingsplan8. Fysisk aktivitet for alle elevar kvar dag9. Tilbod om treningstid for eldre10. Knyte kontakt mellom eldre og uføre på institusjon og born og unge i alle barnehagar, skular og SFO i kommunen for å auke trivsel og aktivitet11. Ta kontakt med Sogn Jord og hagebrukskole (SJH) for å få til eit samarbeid mellom Helsetunet og SJH12. Fysisk aktivitetstilbod i helsetunet13. Samarbeid om temakveldar, trenarkurs m.m.

	<ul style="list-style-type: none"> 14. Samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark om gjennomføring og marknadføring av friluftaktivitet, kultur og opplevingar 15. Kulturmidlar til lokalt forankra arrangement som fremjar fysisk aktivitet, kultur, oppleving og folkehelse 16. Øyremerke midlar i budsjett for konsesjonsavgiftsfondet til samarbeid med verksemder om arrangement som bidreg til fysisk aktivitet, folkehelse 17. Avklare eigarskap til Aurlandsmarsjen 18. Stimulere lag og organisasjonar til å vedlikehalde og drifte turpostar eller liknande 19. Øyremerke midlar i budsjett til dagleg leiing og drift av frisklivssentral
--	---

*"Trafikksikker kommune" - <http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>

2.2.3 Tilrettelegging og samarbeid

Strategiar	<ul style="list-style-type: none"> 1. Moderne anlegg for idrett og eigenorganisert aktivitet: <ul style="list-style-type: none"> a. Aktivt skulemiljø b. Aktive barn og ungdom c. Aktive vaksne 2. Bumiljø tilrettelagd for sosial og fysisk aktivitet: <ul style="list-style-type: none"> a. Møteplassar for tur og utflukter skule og barnehage b. Tilgjengelege naturområde c. Tilgjengeleg friluftsliv 3. Attraktive utemiljø: <ul style="list-style-type: none"> a. Berekraftig friluftsliv b. Utsmykking/ kunst i det offentlege rom og kunst i terrenget c. Blomar og benkar 4. Samarbeid 5. Målretta virkemiddelbruk
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> 1. I tråd med regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er det naturleg å prioritere slik anleggsstruktur: <ul style="list-style-type: none"> a. Symjehall b. Skytebane på Låvi

	<ul style="list-style-type: none"> c. Aurlandshallen d. Aurland stadion* (anlegg for både fotball og friidrett) e. Klatrepark (Aurland, Flåm) f. Ballbinge (Aurland, Flåm, Skjerping og Vassbygdi) g. Sykkel- og skatepark (Aurland) h. Sandvolleyballbane (Flåm) i. Fotballbane grus (Flåm) vedlikehald minst fram til 2022/24 <p>2. Nærmiljøanlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Tusenårsstaden (friluft-/nærmiljøanlegg) b. Badelaguna (friluft-/nærmiljøanlegg) c. Badestranda i Flåm (friluftsanlegg/nærmiljøanlegg) d. Leikvollen i Vassbygdi (friluftsanlegg og nærmiljøanlegg med ballbinge) e. Skaftåkrane (friluftsanlegg/naturmøteplass Flåm) f. Skuleplassen i Undredal (nærmiljøanlegg) g. Næringsområdet i Gudvangen (friluftsanlegg/nærmiljøanlegg -nytt) <p>3. Rydding og merking av turveggar med utgangspunkt i der folk bur</p> <p>4. Bygge nye gang og sykkelveggar og naturstiar</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Prioritert i kommunedelplan for veg og trafikktryggleik <p>5. Skyssordningar for ungdom, eldre og personar med nedsett funksjonsevne</p> <p>6. Utarbeide strategi for universell utforming av kommuneanlegg og nærmiljøanlegg</p> <p>7. Dialog med næringslivet, naturoppsyn, Statens vegvesen og andre om toalett og avfallshandtering</p> <p>8. Ta initiativ til utsmykkingsprosjekt</p> <p>9. Jobbe for framleis opne anleggsveggar på fjellet</p> <p>10. Utarbeide frivilligmelding</p>
--	--

*ved omlegging frå grasbane til kunstgrasbane ved Aurland stadion må det takast omsyn til friidrettsfunksjonane. Alternativt må det vurderast om det kan etablerast ein mindre kunstgrasbane (7-ar bane)

Måloppnåing

Forankring er viktig for å realisere tiltak i planen. Måloppnåing føreset slik ansvarsfordeling:

- Prioritering og økonomiske rammevilkår –ansvaret ligg til folkevalde
- Forankring i heile den kommunale organisasjonen –ansvar ligg til rådmann og tenesteleiarar
- Forankring blant innbyggjarar, lag og organisasjonar –ansvar ligg til kulturavdelinga
- Koordinere søknadsprosessen om spelemidlar og kontakt med fylkeskommunen –ansvar kulturavdelinga
- Planlegging, finansiering, søknad og gjennomføring av prosjekt –ansvar prosjekteigar (kommunen eller lag og organisasjonar)

2.3 Oppfølging av planen

Mål og strategiar og tiltak som er prioritert i overordna planar må innarbeidast i tenestene sine fagplanar, verksemdplanar og årsplanar. Overordna planar, lover og forskrifter legg føringar for kva som skal vere prioriteringane på kvart tenesteområde. Dersom overordna planar fører til endringar i tenestetilbodet skal tenesteerklæringa oppdaterast og leggest fram for folkevald organ som referatsak.

Handlingsprogrammet er ei samla oversikt over prioriterte tiltak i ein fireårsperiode. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart år og tiltak skal innarbeidast i kommuneplanen sin handlingsdel, i økonomiplanen og gjort bindande i budsjettet.

3 Prioritert handlingsprogram 2016-2019

Prioritert handlingsplan 2015-2019		ORDINÆRE ANLEGG		DRIFT/år		Kostnad		2016		2017		2018				
Anleggstype	Prosjekteier	Sted	Prio/Byggestart	Mål/størrelse	i 1000	DRIFT/år	i 1000	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm
Symjehall (rehab)*	Aurland kommune	AIS	1	2016 12,5m x2	1600		36000									
Terapibad (NY)	Aurland kommune	AIS	2	5 m x 9 m	200		6000					24000	12000			
Tursti (NY)	Aurland kommune	Brekkefossen	3	2016 1000 m	20		1600	400	800	400						
Tursti Ny	Aurland kommune	Heggviki-Bøen	4	2016 6000 m	180		8000					4000	4000			
Skytebane (rehab)	Aurland skytterlag	Låvi	5	2016	500		8000	2000	3000	3000						
Kunstgrasbane (NY)	Aurland idrettslag	Aurland Stadion	6	2017 62m x 10	200		7500					3800	2475	1225		
Sanitæranlegg (NY)	Aurland kommune	Brekkefossen	7	2017 45 m2	100		750	500	250							

* styrast tildeling av regional plan

Prioritert handlingsplan 2015-2019		NÆRMILJØANLEGG		DRIFT/år		Kostnad		2016		2017		2018				
Anleggstype	Prosjekteier	Sted	Prio/Byggestart	Mål/størrelse	i 1000	DRIFT/år	i 1000	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm
Sandvollyballbane (Aurland kommune)	Aurland kommune	Flåm	1	2016	10		125	55	60							
Ballbinge (rehab)	Aurland kommune	Skjerping, Gudv.	2	2016	10		125	15	100	10						
Klatrepark (NY)	Aurland kommune	Flåm skule	3	2016	20		900	350	300	250						
Fleirbruksområde (Vassbygdi ungdoms)	Aurland kommune	Vassbygdi	4	2016	25		1500	400	600	500						
Klatrepark (NY)	Aurland kommune	Rygg	5	2017	20		900				475	300	125			

Må vurderast i perioden:

Anleggstype	Prosjekteier	Sted	Byggestart
Tursti (NY)	Aurland turlag	Rygg-Stegastein	2018
Frluftsanlegg	Aurland jakt og fiskel	Stemmerdalen	2018
Skatepark (NY)	Aurland kommune	ABU	2018
Sykkelpark (NY)	Aurland kommune	ABU	2018
Ballbinge (NY)	Aurland kommune	FLÅM	2018
Fleirbruksområde (Aurland kommune)	Aurland kommune	Haugane	2018
Tursti (NY)	Aurland turlag	Otternes	2018

Prioritert handlingsplan 2015-2019		TEMA PROSJEKT		Samarbeidspart		Oppstart		Prioritering	
Prosjektnamn	Prosjekt-eier	Prosjekt-eier	Prosjekt-eier	Oppstart	Prioritering				
Heilskapeleg sti og løypeplan	Nærøfjord verd	Aurland turlag, AK,	2016, vår	1					
Trafikksikker kommune	Aurland kommune	Aurland kommune	2016, vår	2					
Attraktive utemiljø	Aurland kommun	Kunnsnare, frivillige organisasjonar	2017, haus	3					
Med fjorden som utgangspunkt for ein aktiv kvardag	Aurland kommun	Frivillige lag og org.	2019, vår	4					

4 Resultatoversikt tildegare plan 2005-2017

Planen for 2005-2017 inkluderte ein Handlingsplan for anlegg og område (side 23) og ein del langsiktige mål (side 29). Heretter ein oppsummering av begge samt ein vurdering av gjennomføringa:

Handlingsplan for anlegg og område

- | | |
|---------------------------------------|---------------------------------------|
| • Fleirbrukshall ved AIS | gjennomført |
| • Rahabilitering av skytebana på Låvi | ikkje gjennomført, teke med i ny plan |
| • Ballbinge Underdal | gjennomført (Skerping, rehab 2017) |
| • Tilrettelegging nærmiljøanlegg ABU | gjennomført |
| • Fase 2 Flåm skule | gjennomført* |
| • Fase 3 Flåm skule | gjennomført* |
| • Miniatyrskytebane | gjennomført |
| • Klatrevegg | gjennomført |
| • Leirduebane/ jegertrap | ikkje gjennomført |
| • Nærmiljøkart div. område | ikkje gjennomført, teke med i ny plan |

*) Ved flaumen i 2014 varte det store skader på uteområde til Flåm skule. Skuleplassen/ uteområde er nå under total renovering.

Langsiktige mål

- | | |
|--|---------------------------------------|
| • Tilrettelegging av anlegg/ tilbud for eldre/funksjonshemma | delvis gjennomført |
| • Ballvegg Lunden Flåm | ikkje gjennomført |
| • Stiar og løypar Aurlandsdalen/Aurlandsfjellet | ikkje gjennomført, teke med i ny plan |
| • Leikeområde Rygg (rehab) | gjennomført |
| • Nettverk sentrale tur/trimløyper | ikkje gjennomført, teke med i ny plan |


5 Vedlegg 1. Arealoversikt

AREAL SOM ER REGISTRERT I AREALPLANAR –RGULERING OG BYGGEPLANAR, SOM FRI – LEIKE – AKTIVITET - OPPHALD – KULTUROMRÅDER - PARK OG SKJERMBELTER					
STAD	OMRÅDE -TITTEL	FØREMÅL	GNR/BNR	AREAL	EIGAR
Vassbygdi	Veim bustadfelt	Friområde –leikeplass- kulturvernområde			O
Vassbygdi Sør	Nærings-område	Naturvernområde Parkbelte i industriområde			
Aurland	Ryggjakyrkja	Friområde- leikeområde – tusenårsstad. Tilrettelagd for aktivitetatr	8/165	5586	O/P
Aurland	Vetleli	Felles leike og opphalsareal. Tilrettelagd for aktivitetar	8/171	4536	O
Aurland	Vetleli	Park, leikeareal, turveg	8/35	1753	O
Aurland	Tjøresva	Friområde	8/5 – 8/71	1407	P
Aurland	Skinnarviki	Barnehage – uteområde – tilrettelagd for aktivitet			O
Aurland	Skinnarviki	Badelagune, Friområde land og sjø	8/54-192 – 37 – 223	4092	O
Aurland	Ytstebøen	Felles leike og opphaldsområde	To områder avsett	3140	O

			8/224/26 – 8/225		
Aurland	Otterskol - Grønnene	Friområde	8/24 – 87101 – 8/5		P
Aurland	Høydalen	Friområde/ leikeareal	Sørvestre del		O
Aurland	Høydalen	Friområde/ leikeareal	Midtre del av feltet. To områder Tilrettelagd område for leik og aktivitet		O
Aurland	Høydalen	Friområde	To mindre friområder i Nordaustre del av feltet		O
Aurland	Skinnarviki	Friområde land og sjø	9/42 – 47 9/42	626 Land 1274 Sjø	O/P
Aurland	Vangen	Park	9/15	1524	O
Aurland	Odden	Skjermbelte	9/42	8079 Land/sjø/ elv	O
Aurland	Vangen/ Helabråtet	Friområde	9/42/1- 12/11 – 12/8	Delområde Land Elv	O/P
Aurland	Fetane	Friområde	0/0 – 12/18 – 12/40	Land- vassdrag	O/P
Aurland	Fetane	Anlegg for idrett og sport – fritid. Fri 1	12/33	15512 (31396)	O

Aurland	Fetane	Ballbinge –sykkelbane – leikeområde. Fri 2	12/18	3174 (70127)	O
Aurland	Nyheim- Nyheimsøyana	Friområde	12/5 – 12/70 12/34	10602	O/P
Aurland	Onstad	Båthamn Friområdet – tur- leikeområde. Tilrettelagd – ikkje spesielle aktivitetar	Båthamn		O/P
Aurland	Otnes	Friområde – naturområde – ikkje tilrettelagd for aktivitet	30/4		P
Aurland	Heggviksvåi/ Otnes	Friområde – ikkje tilrettelagd, leike og opphaldsplass tilrettelagd for aktivitet			O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Anlegg for idrett og sport. Tilrettelagd for aktivitet F1			O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde – tilrettelagd – leikeareal F2	Grensar til sjø - vassdrag		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – ikkje for aktivitet F3	Grensar til sjø		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – ikkje for aktivitet F4	Grensar til vassdrag		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – ikkje for aktivitet F5	Grensar til vassdrag		O


Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – ikkje for aktivitet F6	Utsikt over hamneområde - opphaldsareal		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – for aktivitet F7	Sentrumsområde-torg		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – for aktivitet og opphald F8	Opphaldsområde		O
Flåm	Nedre Fretheim - regplan	Friområde tilrettelagd – for aktivitet og opphald F9 - 10	Områda grensar til sjø – med kai og brygger		O
Flåm	Brekke – Orøyane regplan	Friluftsområde grensar til vassdrag			
Flåm	Brekke – Orøyane regplan	Friluftsområde F 8	Grensar til Fretheimshaugane bustadfelt		O
Flåm	Fretheimshaugane regplan	Fire områder sett av til park, leikeplass, turveg			O
Undredal	Undredal regplan	F1 Friområde - badeplass			P




8

TEKNISKE ANVISNINGER
 Sykkelløp 9/12/97-1
 19/98 276/100
 Kl. 4.00 kl. 1.12

RYGG BUSTADFELT





TEGNFORKLARING

REGULERINGSFØREMÅL

BYGGJOMRÅDE
 Bosteder

TRAFIKKOMRÅDE
 Felles alkomatveg/ avkjøråle
 Gjesteparkering Gjesteparkering

FRONNRÅDE
 Felles leike- og oppholdsareal,
 felles turveg

SPELALOMRÅDE
 Grøntområde evt. framtidig
 vegareal

STREKSYSMBOLER
 - - - Avgrensning av planen
 - - - Formalsgrense
 - - - Frisikthole
 - - - Grunns planlagte bygg
 - - - Tomtegrense

SYMBOLER
 31 Kotehøyde
 M Møteplass

REGULERINGSPLAN / ENDRING

Målestokk: 1:1000
 Kartblad: AKG6B-1-22/30
 Planlegger: AS Tegner: AS


(OSPELUND) V.V.H.

Dato: 26.06.1991 Revidert: 26.05.1993
 Date: 09.07.1991 Signatur:
 Date: 29.10.1991
 18.12.1991
 19.05.1993
 26.05.1993

Plan nr.: Tegning nr.: 1

CLUBBUS
 Aurland Kommune
 By og reguleringsplanavdelingen
 4900 Aurland

AURLAND KOMMUNE Teknisk utval / 1993/01



ei-12/20
Ked (1)



TEIKNFORKLARING

§ 25. REGULERINGSPØRSMÅL


- 1. BYGGOMRÅDE
 - BUSTADER, EKISTERENDE, B1
 - BUSTADER, NYE, B2
 - 2. LANDBRUKSOMRÅDE
 - 3. TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLEG)
 - KØPVEG MED SIDERENG, V1-V2
 - GANG/SYKKELVEG MED SIDERENG, G1
 - 4. FRIOMRÅDE
 - 5. FAREOMRÅDE
 - OMRÅDE UTSETT FOR STEINSPRANG, FO1
 - 6. SPESIALOMRÅDE
 - KOMMUNALTENSKSKE ANLEGG, KA1
 - PRIVAT VEG, PV1
 - FRISITSONER VED VEG
 - 7. FELLESONRÅDE
 - FELLES LEIKE- OG OPPHALDSOMRÅDE
 - FA1-FA2
 - 8. FORNYINGSOMRÅDE
- STREKSTYMBOL M.V.
- PLANRENSE
 - GRENSE FOR REGULERINGSPØRSMÅL
 - BYGGEGRENSE
 - TOMTEGRENSE
 - EKISTERENDE ETCENS- GRENSE SOM VERT OPPREVA
 - FRISKILINJE
 - SENTERLINJE REGULERT VEG
 - OMRIS AV BYGG SOM VERT REGULERT VERT OPPREVA
 - BYGG SOM INNGÅR I PLANEN
 - MINERETNING
- EKVIDISTANSE: 1m
MÅLSTOKK: 1:1000
- 0 10 50m

REGULERINGSPØRSMÅL MED REGULERINGSPØRSMÅL FOR:


REGULERINGSPØRSMÅL MED REGULERINGSPØRSMÅL FOR:

REGULERINGSPØRSMÅL MED REGULERINGSPØRSMÅL FOR:


REGULERINGSPØRSMÅL	REGULERINGSPØRSMÅL	REGULERINGSPØRSMÅL
YTTSTEBØEN	YTTSTEBØEN	YTTSTEBØEN
AURLAND KOMMUNE	AURLAND KOMMUNE	AURLAND KOMMUNE
REVISJONAR:	REVISJONAR:	REVISJONAR:
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:	SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:	SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:
HANDSAMING I PLANUTVALET, 1. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 1. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 1. GONG:
11.02.2002	11.02.2002	11.02.2002
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET	UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET	UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET
13.02-13.03.2002	13.02-13.03.2002	13.02-13.03.2002
HANDSAMING I PLANUTVALET, 2. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 2. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 2. GONG:
04.04.2002	04.04.2002	04.04.2002
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN	EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN	EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN
HANDSAMING I PLANUTVALET, 3. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 3. GONG:	HANDSAMING I PLANUTVALET, 3. GONG:
04.04.2002	04.04.2002	04.04.2002
VEDTAK I KOMMUNESTYRET	VEDTAK I KOMMUNESTYRET	VEDTAK I KOMMUNESTYRET
04.04.2002	04.04.2002	04.04.2002
PLANEN ER UTARBEID AV:	PLANEN ER UTARBEID AV:	PLANEN ER UTARBEID AV:
AS LANDSKAPSARKITEKT VALBØRG LEIVESTAD	AS LANDSKAPSARKITEKT VALBØRG LEIVESTAD	AS LANDSKAPSARKITEKT VALBØRG LEIVESTAD
TEKN. NR.	TEKN. NR.	TEKN. NR.
9908-100	9908-100	9908-100




ØTRESKÅL - GRØNNENE




HØYDALEN BUSTADFELT





FETANE – SKULE OG IDRETTSOMRÅDE



TEIKNFORKLARING

PBL § 25. REGULERINGSFØREMÅL

1. BYGGEOMRÅDE

- OFFENTLEGE BYGG, UNDERVISNING
- OFFENTLEGE BYGG, LOKALE FOR PÅRSAMLING, IDRETT OG SPØRT

3. TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLEG)

- KØYREVEG
- PARKERINGSPLASS
- GANGVEG
- ANNAN VEGGRUNN

4. FRIOMRÅDE (OFFENTLEG)

- ANLEGG FOR IDRETT OG SPØRT
- ANLEGG FOR LEIK

5. FAREOMRÅDE

- FAREOMRÅDE - HOOSPENNINGSANLEGG

6. SPESIALOMRÅDE

- FRILUFTSOMRÅDE (PÅ LAND)
- FRILUFTSOMRÅDE I VASSDRAG
- FRISIKTSONE

STREKSYMBOL M.V.

- PLANØRENSE
- GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- FRISIKTLINE
- SENTERLINE REGULERT VEG
- KRAFTLINE
- OMRIS AV EKISTERANDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN
- OMRIS AV PLANLAGDE BYGG

EKVIDISTANSE: 1m

MÅLESTOKK: 1:1000

REGULERINGSPLAN MED REGULERINGSPRESEGNER FOR:

Skule- og idrettsområde på Fetane

KARTBLAD


DATE 12. mars 2008


REVISJONAR

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	DATE	SGN.
HANDSAMING I PLANUTVALET. 1. GONG	31. mars 2008	
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSKOMMET	-02. mai 2008	
HANDSAMING I PLANUTVALET. 2. GONG	05. mai 2008	
EV. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN		
HANDSAMING I PLANUTVALET. 3. GONG		
VEDTAK I KOMMUNESTYRET	22. mai 2008	

Jarle Sandvik Tlf. 57 63 31 73
Siv.ark. mml Fax. 57 63 33 78
Pr. 55, 5741 Aurland ark.js@online.no

PROSJEKT NR 32007
TEIKN NR 01







TEIKNFORKLARING

PBL § 25. REGULERINGSFØREMÅL

1. BYGGJEFOMRÅDE

- BUSTADER B1, B2
- TILLEGGSAREAL EKKSISTERENDE BUSTAD, B3

2. LANDBRUKSOMRÅDE

3. TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLEG)

- KØYREVEG MED SIDETERRENG, V1

4. FRIOMRÅDE

5. FAREOMRÅDE

6. SPESIALOMRÅDE

- FRILUFTSOMRÅDE
- FRISKISIONER VED VEG

7. FELLESONRÅDE

- FELLIS VEG MED SIDETERRENG/AVKØYRSLE, FV1
- FELLIS LEIKE- OG OPPHALDSAREAL FA1

8. FORNYINGSOMRÅDE

STREKSMBOL M.M.V.

- PLANRENSE
- GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
- BYGGJEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- EKKSISTERANDE EIGEDOMS- GRENSE SOM VERT OPPHEVA
- FRISKILTINE
- SENTERTLINE REGULERT VEG
- OMRIS AV BYGG SOM VERT REGULERT
- OMRIS AV EKKSISTERANDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN

ERVIDISTANSE: 1m
MÅLESTOKK: 1:1000

SARTEILAD

REGULERINGSPLAN/ENDRING MED REGULERINGSFØRESIGNER FOR

OTNES


REVISJONAR

REVISJON	DATE	SGN
1	19. april 2007	
2	31.10.2006	
3	21.11.2006-31.12.2006	
4	29.05.2007	
5	21.06.2007	

Jarle Sandvik
Tlf: 57 63 31 73
Svark. mail: 57 63 33 78
Pb. 55, 5741 Aurland ark.jse@milnet.no

PROSJEKTNR	SAKSNUMR
29506	JS
TEKNA NR	01

ÅTNES – HEGGVIKSVÅI BUSTADFELT



NEDRE FRETHEIM




REGULERINGSPLAN FOR NEDRE FRETHEIM.


Ikkesatt med 18.07.21 og 27.2.1 etter utbrøtningssak 14/10/1985. Sitt endr. ved lov av 28. juni 1994 nr. 54. Sitt endr. ved kommunestyre sak K-07/001 den 25.10.01 godkjenning reguleringsplan og foreslag for Nedre Fretheim

Outforat utdelsat med dette at reguleringsplanen er i samsvar med vedtak i sak K-07/001 i kommunestyret


Aurland 17.01.02
[Signature]
Lars Bjørn Aurland
ordfører



BREKKE - ORØYANE



FRETHEIMSHAUGANE BUSTADFELT



FOLKESAMRÅD I 2008 OG FØRSTEDNE
 VÅR ref. F-67/01 Aha/Sm
 AURLAND KOMMUNES
 REDIGERINGSPLAN FOR FRETHEIMSHAUGANE
 I medhold af § 27 i Kommuneplanen af 16. Juni 1965,
 og efter forslag af 2. juli 1973 til Kommuneplan-
 ændring, der flytter området i den nu forordnede og sen-
 ge 1.883 m² til den tidligere forordnede i Aurland
 kommune, stedsnede 08081 og 08082.
 Plannen er udarbejdet på det tekniske område med
 vedtak av Aurland kommunestyre i møte den 30.10.1960.




TEIKNFORKLARING

1. BUSTADOMRÅDE	2. PARKOMRÅDE	3. TRAFIKOMRÅDE	4. FØRSTEDNE	5. FØRSTEDNE	6. FØRSTEDNE	7. FØRSTEDNE	8. FØRSTEDNE	9. FØRSTEDNE	10. FØRSTEDNE
(Yellow)	(Green)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)	(Green with lines)

FRETHEIM Alt. A M-11000
 Aurland kommune
 22.08.76
 20.08.76
 SAKSBEHANDLINGSTID: 14 DAGE
 09.05.76
ISIS Leikanger 19/1001 **33 01**

UNDREDAL



REGULERINGSPLAN FOR UNDREDAL
 I henhold til § 24 i lov nr. 98 af 27. juni 1974 og § 27 i lov nr. 14 af 20. juni 1991.
 Den endelige version er dat. 20. juni 1996, nr. 13. Den tidligere version er dat. 20. juni 1996, nr. 13. Den tidligere version er dat. 20. juni 1996, nr. 13.
 (Additional text regarding the plan's validity and amendments)

TEIKNFORKLARING

1. 25. REGULERINGSPØRSMÅL	7. FELLESOMRÅDE
BYGGDOMRÅDE	7.1 FELLES BYGGOMRÅDE
BYGSTADER, EKSTRAOMRÅDE	FELLES PÅRINDRINGS
BYGSTADER, NYE	
HYTTER	
2. LANDBRUKSOMRÅDE	8. FORNYINGSOMRÅDE
LAND OG SKOVGRUND	
3. TRAFIKKOMRÅDE (OFFENTLED)	STREKSYMBOL M.V.
KØRSLEDE MED ANDESTRØM	PLANRUBEN
SÅG- OG SVANKELEDE/FORTELL	LETTELSE FOR REGULERINGSPØRSMÅL
TRAFIKLEDE, MANØVRERING, NY	BYGGELINJER
4. FERIEOMRÅDE	TRAFIKLEDE
BÅSEPLASS	EGENOMRÅDE, EGENDOMMER, BLENDE, SOM HEFT SPERRE
5. PARKOMRÅDE	PROTEKTOR
FELTSPERREBANK	
SKOVREININGSBANK	OMRÅDE OG BLENDE SOM HEFT SPERRE
SPELALOMRÅDE	OMRÅDE OG BLENDE SOM HEFT SPERRE
KULTURLANDESKAP - LANDBRUK	KRISISOMRÅDE
KYLLER	OMRÅDE OG BLENDE SOM HEFT SPERRE
PROTEKTOR	OMRÅDE OG BLENDE SOM HEFT SPERRE

REGULERINGSPLAN/ÆNDRING MED REGULERINGSPØRSMÅL FOR

UNDREDAL AURLAND KOMMUNE

REVISJONAR: Rev. 12/12/95

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOV:	DATE	BYGG
FORBEREDELSE I PLANOMRÅDET 1. OG 2. GANG	03.05.95	
UTDRAGNING TIL OFFENTLIG ETTERPRØVNING I TIDSBOKSET	05.07.95-05.09.95	
INNHØRINGS- OG BEHOVSGRANSER 1. OG 2. GANG	05.10.95	
DET NØYTT ETTERPRØVNING		
INNHØRINGS- OG BEHOVSGRANSER 3. GANG		
UTDRAGNING TIL OFFENTLIG ETTERPRØVNING		
SPERRETTEN		
FORBEREDELSE I PLANOMRÅDET		
AS LANDSKAPSPRINTEKT VALEBRO LESTAD LA		

6 Vedlegg 2. Lag og organisasjonar

Idrettslag

- Aurland Idrettslag
- Flåm Idrettslag
- Gudvangen Idrettslag
- Aurland Klatreklubb
- Aurland Turlag/ Barnas turlag
- Aurland Paintballklubb
- Aurland Dykkerklubb

Skyttarlag

- Aurland Skyttarlag
- Blåfjell Skyttarlag
- Stålring Skyttarlag
- Undredal Skyttarlag

Musikklag

- Aurland Rockeklubb
- Aurland Songlag
- Aurland Spelemannslag
- Aurland Trekkspelklubb
- Flåm Musikklag

Ungdomslag

- Aurland Ungdomslag
- Ljom Ungdomslag
- Undredal Ungdomslag
- Vassbygdi Ungdomslag

Grendalag

- Bakka Grendalag
- Fretheimshaugane Vel
- Lunden Vel
- Nærøy Vel
- Dyrdal Grendalag
- Rygg og Bakkane Vel
- Høydalen Vel
- Ytstebøen Grendalag
- Åtnes Vel

- Vetleli Vel
- Undredal Grendalag
- Undredal Bygdeutvikling

Øvrige lag og organisasjonar

- Njardar Vikinglag
- Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Stiftinga Otternes Bygdetytyn
- Indre Sogn Kystlag Kystled Nærøyfjorden
- Aurland Kyrkjelege Fellesråd/ Kyrkjestyret i Aurland
- Aurland Høyrseislag
- Aurland Revmatikarlag
- Aurland Bridgeklubb
- Aurland Røde Kors Hjelpekorps
- Aurland Jakt og Fiskelag
- Aurland Bondekvinneleg
- Aurland Husflidslag
- Aurland Kvinne og Familielag
- Aurland Sanitetslag
- Aurland Bygdekvinneleg
- Vassbygdi Sanitets Arbeidslag
- Aurland Pensjonistlag
- Aurland Sogelag
- Musikkens Venner
- Venner av Aurlandsdalen
- Venne av Flåmsbana

7 Vedlegg 3. Idrettsanleggsregisteret (utdrag)

Anlegg	Anleggsnr.	Status	Klasse	Kategori	Type
Trudvang ungdomshus	1421000201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kulturbygg	Kulturbygg - Alliment kulturhus
Rallarvegen - turveg	1421001801	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti
Kongshelleren	1421002301	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte
Stemmerdalen turveg for rullestolbrukarar	1421002001	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Turvei
Stemmerdalen-Østerbø	1421001002	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti
Aurland idretts og samfunnshus	1421000105	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kulturbygg	Kulturbygg - Alliment kulturhus
Aurland idretts og samfunnshus - svømmehallen	1421000106	Eksisterende	Kommuneanlegg	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng
Aurland stadion - grasbane	1421000101	Eksisterende	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball gressbane
Aurlandshallen, klatrevegg	1421000109	Eksisterende	Kommuneanlegg	Diverse anlegg	Klatreanlegg (innendørs)
Aurland stadion-friidrettsbane	1421000103	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friidrettsanlegg	Friidrett Kunststoffsbaner
Flåm stadion - fotballbane	1421000601	Eksisterende	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball grusbane
Neset badestrand	1421000501	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Badeplass
Aurland stadion, treningsbane	1421000102	Nedlagt	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball ubestemt
Aurland stadion - Aurlandshallen	1421000108	Eksisterende	Kommuneanlegg	Flerbrukshall	Flerbrukshall, normalhall
Aurlandshallen, styrketreningsrom	1421000110	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Trimrom/helsestudio
Flåm samfunnshus	1421000701	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kulturbygg	Kulturbygg - Alliment kulturhus
Brekkefossen sanitæranlegg	1421000104	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kulturbygg	Kulturbygg
Flåm skule - gymnsalen	1421001603	Planlagt	Kommuneanlegg	Idrettsrom	Klubhus
Flåm skule - symjebasseng	1421000801	Eksisterende	Kommuneanlegg	Idrettsrom	Sosiale rom
Lovi skytebane - 100 m	1421000802	Ikke i drift	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal
Lovi skytebane - 200 m	1421000901	Eksisterende	Kommuneanlegg	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng
Lovi skytebane - 300 m	1421000903	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 100m
Lovi skytebane - skytterhus	1421000904	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 200m
Aurlandshallen, innandørs skytebane	1421000111	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 300m
Flåm skule - mindre anlegg frå 1987	1421000803	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytterhus
Flåm sandvolleyanlegg	1421000401	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Skyteanlegg	Skytebane (inne)
Stondalen - Vassbygdi	1421001202	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
Turifossen	1421001301	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane
Holmo-Styvi-Postvegen	1421001901	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Bjørge - Prest	1421001401	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Flåmsdalen tursti	1421001701	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Aurlandsvangen-Volda-Bell-Aurlandsvangen	1421001501	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Østerbø - Vassbygdi - Aurlandsdalen	1421001102	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Flåm skule - ballbinge	1421000804	Urealisert	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
Undredal - ballbinge	1421002403	Urealisert	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Aurland barne - og ungdomsskule - ballbinge	1421002201	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Tusenårsstaden på Rygg - leikeplass	1421002501	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Skjerping ballbinge	1421002102	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke
Sykkelbane ved Aurland stadion	1421000107	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
Brekkefossen tursti	1421001602	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	BMX-anlegg
Flåm sandvolleyanlegg	1421000402	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Tursti
				Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane